



## REGLAR FOR STIPEND TIL ELEVAR I VIDAREGÅANDE SKULE

### KS-002/09 VEDTAK:

#### STIPEND TIL ELEVAR I VIDAREGÅANDE SKULE

1. Stipendet vert gjeve til elevar som går på vidaregåande skular, og som har foreldre/heimen sin i Modalen kommune.
2. Eleven må ha gått minimum 10.klasse i Modalen. Både eleven, og minst den eine av foreldra, må vera folkeregistrert busette i Modalen kommune.
3. Elevar kan tildelast stipend dei 3 fyrste utdanningsåra etter fullført grunnskule. Elevane søker om stipend for eit undervisningsår om gongen. For elevar med utvida rett til vidaregåande opplæring vert det gjeve stipend også det 4. utdanningsåret. Dette vil også gjelda elevar som treng eit fjerde år for å oppnå generell studiekompetanse etter 3 fullførte utdanningsår.
4. For å få utbetalt heile stipendet må undervisninga vera lagt opp som fulltidsutdanning.
5. Det kan søkjast om stipend til deltidsutdanning på vidaregåande skule sitt nivå. For deltidsutdanning vert stipendsummen rekna ut i brøk av fulltidsutdanning. Slik deltidsutdanning må omfatta minst 6 timar undervisning pr. veke.
6. Det vert gjeve same stønadsbeløp til heimebuande og bortebuande.
7. Stipendordninga gjeld også for lærlingar innanfor regelen i pkt 3.
8. Det skal søkjast på eige søknadsskjema.
9. Storleiken på stipendet vert kr. 24.000,- fordelt på 10 månader. Beløpet vert kvart år pr. 1.januar justert i høve konsumprisindeksen til næraste heile hundrekroner.
10. Stipendet vert utbetalt pr. md. Fyrste utbetaling innan den 15.september i utdanningsåret. Seinare utbetalningar forskotsvis innan den 01. i kvar måned, til og med juni md.

11. Søknadsfristen vert sett til 31. august. Søknadsfrist for elevar som tek til med utdanning i vårhalvåret vert sett til 10. januar. Stipendordninga skal kunngjerast med oppslag, og på kommunen si heimeside.
12. Dersom skulegangen vert avbroten, vert stipendutbetalinga stoppa. Søkjaren pliktar å melda frå dersom skulegangen vert avbroten. Avbrot i skulegang eit år kan medføra at stipendet vert avkorta neste år.
13. Dersom særskilte grunnar talar for det, kan Formannskapet gjera unntak frå regelen.
14. Klage: Klage på vedtak vert avgjort av Kommunestyret.

Dette regelverket vert gjort gjeldande med verknad frå og med skuleåret 2009-2010.